

Meland Kommune

Rådhuset

591 Frekhaug

Deres ref: Erik Knag Johannesen

Vår ref: Kåre Skjelanger

Skjelanger 03.03.15

Sak: Husebø Gamle Skule

Husebø Bygdelag har vert i to drøftingsmøte med kommunen, vedrørende overtaking/kjøp av Husebø gamle skule. Me fekk då tilbod om å overta huset.

I mellomtida har bygdelaget blitt kontakta av Husebø Indremisjon om overtaking av Husebø Bedehus, Bygdelaget har no overteke bedehuset.

Bedehuset er eit stort godt bygg som er meir teneleg for bygdelaget enn det gamle skulehuset, bygdelaget såg det som naudsynt å overta huset slik at det fortsatt skal eigast av bygdefoket.

Bygdelaget har ikkje økonomi til å eiga to bygg då driftsutgiftene vil liggja på ca 40.000,- kr pr år pr bygg.

Me reknar med at kommunen vil selja skulehuset, og ber om at kommunen tilgodeser deler av salssummen til bygdelaget.

Skulehuset vart oppført av bygdefolket 1920 og grunneigara avsa gratis grunn til huset, bygdelaget har nytta huset sidan 1972.

Me har lagt ned mykje dugnadsarbeid på huset dei siste 40 åra, noko som har bidrege til vedlikehald og verdiheving påhuset. Me har såleis ei eigarkjensle til huset.

Bygdelaget er eit aktivt lag som er velorganisert og har mange aktivitetar gjennom året, kan mellom anna nevne 17 Mai feiringa.

Argumenta for vårt ynskje er at kommunen også må satsa på nordre del av øya, slik at me også kan skapa noko konstruktive aktivitetar både for unge og eldre i bygda.

Håpar og reknar med at kommunen tek omsyn til bygdelaget sitt ønske.

Helsing

Husebøkrinsen Bygdelag

Kåre Skjelanger

Leiar

